



Bygdenytt

eit informasjonsblad frå Valle kommune

MARS 2023



Oversikt
2023
Folkemusikk i Setesdal

- 28. januar GUNNAR STUBSEID M BAND- TRIBUTE TO HANK WILLIAMS
SØLVGARDEN KL 21.00
- 7. februar DANS MED SÆBYGGJAN- I SÆBYGGJEN 19.00-20.30
- 24. februar ÅRSMØTE I SPELEMANNSLAGET, SØLVGARDEN KL. 18.00
KONSERT MED EIVIND TANCHE LARSEN KNUTSEN
- 5. april FOLKEMUSIKK PUB PÅ SØLVGARDEN KL 21.00
- 15. april »SELJESONG» TORHILD OSTAD OG SILJE HEGG
- 5. mai FOLKEMUSIKK PUB, SØLVGARDEN KL 21.00
- 4.-6. august SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL

**Valle Bibliotek
held
Laurdags opent
4 mars 12 -15**

Mulighet for aktivitetar

Gratis Inngong




UKM

2023

BYKLE og VALLE

18.03. UKM SCENE og KUNST FRAMSYNING

FRAMSYNINGA STARTAR KL 15:30 PÅ
HOVDEN GRENDEHUS
ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE!
GRATIS INNGANG



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER

Teknisk informerer

Strøsand til privat bruk:

Privatpersonar kan hente sand i mindre mengder frå kommunen sitt strøsandlager i Øyne

Ved spørsmål kontakt :

Geir Helge Solheim på tlf 416 00 312

Utanom ordinær arbeidstid:

Teknisk vakt tlf 970 03 800

Bykle og Valle helseteneste informerer

Valle legekontor

1.mars starter vår nye LIS 1 lege ved Valle legekontor. Han heiter Salem Zubaidi og skal jobbe hos oss frå 1. mars til 1. september. Vi ynskjer han velkomen til bygda!

Samdrift på Bykle legekontor

På grunn av kurs og anna fråver vil legekontora på Hovden og i Valle ha samdrift ved Bykle legekontor i veke 10.

Legekantoret kan nås på ordinært telefonnummer.

HØYRSEL

Audiograf Caroline Dankworth kjem på kommunebesøk, kjellaren på Valle Bygdeheim Onsdag 22 Mars

Dette er kun for dei som har [h.app](#).

Ring Liv Gunn viki [900 79562](tel:90079562) om du treng time 😊



UTLYSING AV KULTURMIDLAR

Valle kommune deler ut kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Den totale summen som blir delt ut er kr 75 000.

UTVIKLINGSSTIPEND IDRETT OG KULTUR FOR UNGDOM

Valle kommune deler ut utviklingsstipend for ungdom i alderen 13-25, som ønskjer å satse spesielt og målretta innafør kultur eller idrett.

Søknadskriteria og søknadsskjema for begge ordningane finn du på www.vallle.kommune.no. Søknadsfrist **15.mars**.

KULTURPRISEN 2023

Har du framlegg til kven som bør få Valle kommune sin kulturpris?

Kulturprisen skal stimulere kulturlivet i kommunen og gi honnør for ein spesiell innsats innafør kulturfeltet. Veit du om ein eller fleire som fortener pris for innsatsen?

Valle kommune oppmodar til å sende inn kreative og godt grunngjevne forslag!

Forslag sender du skriftleg til Valle kommune v/leiar kultur og fritid, pb. 4, 4746 Valle, eller som e-post til torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no.

Frist for innsending: **15.mars**.



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

Program Dagsenter Mars

Dagsenteret startar kl. 10.30

ONS 1.mars Sosialt samvær

LØR 4.mars - BASAR (kl. 12-18)

ONS 8.mars Sosialt samvær

TYS 14.mars GEIR LYSTRUP, sjå plakat

ONS 22.mars Evelyns Mote

ONS 29.mars PÅSKEBINGO

OPPSTART ETTER PÅSKE ER TORSDAG 13.APRIL



ynskjer velkomen til

10 års jubileum og årsmøte

Fredag 10.mars kl 18.00, Hylestad Soknehus

Kl.18.00: Årsmøte med vanlege årsmøtesaker

Kl.19.00: Servering av setesdalssuppe, eplekaker, kaker og kaffi ved Hylestad Bygdekvinnelag

Kl.20.00: Jubileumsfeiring: Astri Rysstad kåserer om saga til Setesdal Sogelag, Sigrid B Berg kvedar, Eivind Tanche-Larsen Knutsen spelar fele og Svein Kleivane seier soger.

(Sjå årsmelding m.m. på <https://www.facebook.com/groups/setesdalsogelag>)



Sammen om kunnskap

Drøyer du om å bli vernepleiar?

Hausten 2023 kan du ta ei **nett- og samlings-basert** vernepleiarutdanning frå UiA.

Søknadsfrist: 15. april

Studiestad: Evje



SWINGKURS

STORSTOGA 1. MARS KL. 18-20

Gratis og opent for alle!

instruktører: Tor Espen Helle og Marit Løyland/Sæbyggjan

Har du et engasjement for barn og ungdom?

Vi trenger flere fosterhjem til både barn og ungdom. Vi ser etter deg som kan gi trygghet, omsorg og god oppfølging – i en kortere eller lengre periode.

Vil du vite mer om hva det innebærer å være fosterhjem? Ta kontakt med fosterhjemstjenesten i Region sør, på telefon: **466 18 018**.



Du kan også bli med på et uforpliktende informasjonsmøte. **Skann QR-koden** for å se når vårt neste møte er.



HANDARBEIDSKVELDAR

På Setesdal Husflid i Valle på onsdagar i partalsveker kl 18.00 – 21.00

18. januar: pangstart for 2023

1. februar: Prematurstrikk, heile våren vil vi ha som prosjekt å strikke til premature babyer, ved Astrid

15. februar

1. mars: om fargar i tekstil i Setesdal, ved Karin Bøe

15. mars

29. mars

12. april

26. april: hjelp til montering, ved Jorun med fleire.

Som de ser er det nokre kveldar med tema, og kanskje det kjem fleire tema etterkvart. Følg med på plakater, Bygdenytt og Facebook sida til Setesdal Husflid

Vi samarbeider med Setesdal Husflid

Alle er hjarteleg velkomne til ein triveleg prat og ein kopp kaffi eller te og med handarbeidet sjølvsagt.

Helsing Kristin Nomeland, Astrid Trydal og Jorun Høyland



STRIKKEFESTIVAL MED QUIZ PÅ KVELDEN

Laurdag 18.mars
inviterer vi til
strikkefestival i Valle
sentrum, med fokus på
bruk av norsk ullgarn

Frå kl. 11.00-17.00 :

Arbeidsverkstader fordelt
på biblioteket, Nordibø
landhandel og Husfliden.

Frå kl. 19.00-21.00:

Quiz med noko attåt på
Nordibø landhandel.



Nordibø landhandel, Setesdal Husflid
og Valle folkebibliotek

KVA SKJER?

For kr. 200 kan du delta på fem ulike arbeidsverkstader fordelt slik:

- lær å strikke, eller få hjelp til å kome vidare på eit arbeid
- lær å strikke med garn og oppskrifter frå «Nøstebarn»
- lær å felle til hæl og å strikke sokkar
- lær trollstrikk
- lær å strikke fram og tilbake frå retta.

Norli Evje har stand på biblioteket med gode tilbod

Gode tilbod på garn hos Husfliden heile dagen

Quiz med noko attåt på Nordibø Landhandel om kvelden (du treng ikkje å strikke for å vere med på dette 😊).

KVA MÅ DU GJERE?

Meld deg på innan måndag 9.mars til Frøydis Henriksen Junge på sms til 950 04 747/post@nordibo-landhandel.no, eller til Astrid Kringlen Trydal, 47650495/post@setesdalhusflid.no.

Gi beskjed om du vil vere med på både verkstadene og quizen.

Vi set opp minibuss frå Besteland og Flateland, sei i frå om du vil nytte deg av dette tilbodet når du melder deg på quizen.

Dette er for alle, også om du aldri har strikka før, men har lyst til å prøve!

Helsing Frøydis på Nordibø landhandel, Astrid og Kristin på Husfliden, og Aud Kjersti på biblioteket.

Geirr Lystrup besøker Valle med tre konsertar tysdag 14.mars.

Han kjem frå Vinje i Telemark og er både komponist, forfattar og gitarist.

Lystrup har motteke mange utmerkingar i si tid som visesongar.

Han har mellom anna fått fem Spellemannprisar! I 1993 samarbeidde han med Kirsten Bråten Berg om Våre beste barnesanger 2. Denne barneplata fekk dei Spellemannprisen. I høve sitt 50-årsjubileum som artist har Lystrup lagt ut på turne, og tysdag 14.mars er han følgjande stader i Valle:

Valle skule, skulekonsert: Elevane på skulen får ein time song og musikk på morgonen.

Valle bygdeheim, Dagsenteret kl. 13.

Nordibø landhandel kl. 19. Før konserten kan du gå på kafè og kjøpe deg setesdalssuppe eller pizza. Der er det også kaffi og kake til dessert.

Sjå elles plakatane, og følg gjerne Nordibø landhandel og Folkeakademiet Valle på Facebook!



Valle bygdeheim
tysdag 14. mars kl. 13
GEIRR LYSTRUP
"Lyden av Lystrup - 50 år"



Geirr Lystrup er ein allsidig artist frå Vinje i Telemark. Han har fått fleire Spellemannprisar for visene sine. No er han på turné med Folkeakademiet Agder, på 50-årsjubileet sitt som plateartist. Få med deg konserten og syng med!

Dagsenter startar kl. 10.30. Gratis inngang.
Vel møtt!

Arr. Folkeakademiet Valle i samarbeid med Folkeakademiet Agder og Valle kommune

FOLKEAKADEMIET KULTUR DER DU BUR



GEIRR LYSTRUP
BARNESANGBOKA MI
Norsk Musikforlag/Juni Musikk



SYNG MED GEIRR
PÅ VALLE SKULE

FOLKEAKADEMIET KULTUR DER DU BUR

Geirr Lystrup feirar sitt 50 års jubileum som plateartist. Han kjem til Valle skule for å ha ein allsongkonsert med elevane. Folkeakademiet Valle inviterer 1.-4. trinn til ei kjekk songstund!

Tysdag 14.03.23 - skulekonsert



Nordibø landhandel
Tysdag 14.mars
Kl. 19:00

LYDEN AV LYSTRUP - 50ÅR

Geirr Lystrup er ein allsidig artist frå Vinje i Telemark. Han debuterte i 1972 med albumet *Ti på taket* og *Måltrostblues*. For visene sine har han fått fleire Spellemannprisar og andre utmerkingar. No er han på turné med Folkeakademiet Agder, på 50-årsjubileet sitt som plateartist.

Arrangør: Folkeakademiet Valle
i samarbeid med Nordibø landhandel
Inngangsbillett: kr 200 /medlemmer kr 150

FOLKE
AKAD
EMIET

Velkomen til
Basar på Garane grendehus i Brokke
Laurdag 25.mars 2023, frå kl.12.00.

Matsalg: suppe, eplekaker, kaffe og kaker m.m.

Åresal

Ca kl. 17.15: Trekning

Flotte "kortreiste" hovudgevinstar :

- * Gåvekort på 3000 kr COOP
- * Litografi frå Øyvind Jacob, innramma
- * Saueskinnsfell
- * 3 gevinstar m 5 leivar heimebaka flatbraud
- * mykje meir

Vipps nr 593573

Bankkonto nr 2890 20 81285

Loddbøker ligg ute på

Coop Prix -Hylestad, Coop Prix Valle, Joker Valle

Helsing styret i Garane Grendelag



4.APRIL

PÅSKEBASAR PÅ

FLATELAND

GRENDEHUS

- Det ligg loddbøker ute på Joker og Coop Prix Valle to veker før basaren. Flott hjørneskåp som houvdegevinst. Andre gevinstar er t.d. matkasse med lokale produkt, treprodukt, ved, saueskinnsfell og mykje meir
- Åresal med mellom anna kranssekake og marsipankake som gevinst
- Du kan og kjøpe lodd på vippsnr. 6622723
- Pris pr.lodd er kr. 20.

**Den årlege
påskebasaren på
Flateland
grendehus gjeng
av stabelen
tysdag 4.april frå
kl.10.00 og fram
til trekninga tek
til kl. 17.00.**

Flotte gevinstar

**Sal av
setesdalssuppe
med eplekake
eller rundstykke**

**Sal av kaffi, brus,
og vaflar**

Velkomen alle som ein!

Bruktmarknad

Vi har vel alle liggande noko i skuffar og skåp vi ikkje brukar lenger? Bli med på bruktmaknad og gi tinga nytt liv!



Kyrkjestoga i Sæbyggjen

Laundag 1. april 2023

Ope frå 11.00-16.00



Arrangementet er ope for alle som ønsker å selje, kjøpe eller berre sjå. Det er og ein gratiskrok.

Rigging av stands skjer fredagen før klokka 18.00-20.00 og laurdagen frå 09.00-11.00. Du får eit bord og skal ordne til, selje og rydde standen din sjølv.

Påmelding for å ha stand: Vipps 100kr til tlf. 91 80 90 62 (Synne Viki) og skriv kva folk kan kjøpe av deg. Om du ikkje har vipps eller om du har spørsmål, ta kontakt med Synne Viki på tlf. 91 80 90 62.

Sjå arrangementet «Bruktmarknad i Sæbyggjen under Påskemaknad i Valle sentrum» på Facebook for meir informasjon. Del gjerne!

Arrangør er Valle bygdekvinnelag

NOMELAND BEDEHUS

BIBELTIME

på Nomeland bedehus ved JAN
BYGSTAD, på skjerm søndag 12.

mars kl 19.00

Emne: 1. mosebok kap 25 - 32 Patriarken Jakob -
hendingar frå hans liv.

Velkomne!

SALME- OG FOLKETONEKVELD

På Nomeland bedehus

Søndag 26. mars kl 19:00

Allsong og musikkinnslag

Knut Olav Uppstad

Hallvard T. Bjørgum

Sigurd Brokke

Kaffi og kake

Velkomne!



«HÅP»



Skafsåheii Fjellkyrkje Fredag 3. mars kl. 1900

Tema denne kvelden er «Håp som drivkraft»

Dalen fotoklubb stiller ut og kommenterer bilete
der motivet er «håp»

Innlegg, song og dikt handlar også om «håp»

Enkel servering

Høve til å gje eit gåve til drift av Fjellkyrkja.

Hjarteleg velkomen til ein kveld der temaet er
svært aktuelt!

Arr: Fjellkyrkjelaget

KYRKJA I MARS

Valle kyrkje:

Søndag 5.mars kl 11.00: Gudsteneste ved
sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

Tracy Lun David speler.

Hylestad kyrkje:

Søndag 19.mars kl 16.00: Gudsteneste ved
sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

Kyrkjelyden sitt årsmøte etterpå. Siste frist
for å melde på kandidatar til kyrkjevalet til
hausten.

Andaktar på Heimen: Onsdag 8.mars kl
11.00 og onsdag 22.mars kl 11.00.

Karetreff i Kyrkjestova ved Per Emanuel-
sen tysdag 21/3-23 kl 13- 15. Kaffi og vaflar
og ein hyggeleg prat.

**Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe
Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.**

Kyrkjekontoret i Valle,

tlf. 977 84 706,

e-post: post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA



DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

Valle allidrettsklubb

Velkomen til Allidrettsklubb laurdag 11. mars kl 18.00
-21.00 i Vallehalli 😊

Det blir aktiviteter i hallen og kiosksal
med gratis kake og frukt. Andakt v/
presten vår, Toralv Frøysaa Lie.




TORSDAG 9. mars



Kl. 1700 - Tillatt for alle. Kutoppen - På sporet

På KuToppem sliter de med avlingen. Ingenting vil gro der lenger. Hva om det fantes et frø som kunne gro uten vann og sollys, kun med litt tørr jord? Den geniale oppfinnergrisen Albert Einswein har med sitt superfrø løsningen for KuToppem.

Men ombord på det hypermoderne toget Metana blir frøet stjålet under meget mystiske omstendigheter. Hvem er den skyldige?



Kl. 1900 – Ant-Man and the Wasp: Quantumania

Scott Lang (Paul Rudd) og Hope Van Dyne (Evangeline Lilly) fortsetter som Ant-Man & The Wasp! Sammen med Hopes foreldre, Hank Pym (Michael Douglas) og Janet Van Dyke (Michelle Pfeiffer), og Scotts datter Cassie Lang (Kathryn Newton), utforsker de

kvanteriket og legger ut på et eventyr bortenfor det de trodde var mulig. Med Ant-Man & The Wasp: Quantumania sparkes fase 5 av Marvel Cinematic Universe i gang.

TORSDAG 23. mars



Kl. 1700 - 6år. Dancing Queen

Mina (12) blir hodestups forelsket når danseren Edvin begynner i parallellklassen. Når de inviterer til en audition for et nytt dansecrew, øyner Mina sin sjanse. Men i forelskelsesrusen er det én ting hun har glemt: Hun kan ikke danse!

Kl. 1900 - IKKJE ANNONSSERT, Følg med på Bygdekinoen.no

**Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no .
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkomen skal du vere!**

Kva skjer?

Følg med på heimesida for oppdatert kalender:

<https://www.valle.kommune.no/kalender.522055.nn.html>

01.03 Kl. 1030	Dagsenteret
01.03 Kl. 18-20	Swingkurs, Storstoga
01.03 Kl. 18-21	Handarbeidskveld, Setesdal husflid i Valle
03.03 Kl. 19	HÅP, Skafsåheii Fjellkyrkje
04.03 Kl. 12-18	BASAR, dagsenteret
04.03 Kl. 12-15	Valle bibliotek held laurdags opent
08.03 Kl. 1030	Dagsenteret
09.03 Kl. 17	 Bygdekinoen
10.03 Kl. 18	10 års jubileum og årsmøte Setesdal sogelag, Hylestad soknehus
11.03 Kl. 18-21	Valle allidrettsklubb, Vallehalli
12.03 Kl. 19	Bibeltid, Nomeland bedehus
14.03 Kl. 1030	Dagsenteret, konsert med geirr Lystrup
14.03 Kl. 19	Konsert med Geirr Lystrup, Nordibø landhandel
15.03 Kl. 18-21	Handarbeidskveld, Setesdal husflid i Valle
18.03	Strikkefestival i Valle sentrum
18.03 Kl. 1530	UKM Bykle og Valle, Hovden grendehus
22.03 Kl. 1030	Dagsenteret
23.03 Kl. 17	 Bygdekinoen
25.03 Kl. 12	Basar, Garane grendehus i Brokke
26.03 Kl. 19	Salme- og folketonekveld, Nomeland bedehus
29.03 Kl. 1030	Påskebingo, dagsenteret
29.03 Kl. 18-21	Handarbeidskveld, Setesdal husflid i Valle
01.04 Kl. 11-16	Bruktmarknad, kyrkjestoga i Sæbyggjen
04.04 Kl. 10	Påskebasar på Flateland grendehus

**Frist for innsending til Bygdenytt
for april er 25. mars.**

Send til sentralbord@valle.kommune.no